

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 4

August 2019

Årgang 85 år

Kyrkjevalet 2019

Ved soknerådvalet i år har du 17 flotte kandidatar å velje mellom. Du er med og avgjer kven som kjem inn i soknerådet – om du røyster ved valet måndag 9. september. Meir om kandidatane finn du på side 8 og 9.



1. Roald Samnøy



2. Olaug Elise Mjelde



3. Sigbjørn Sundfjord



4. Toril Hjartåker Hauge



5. Lars Erik Dalland



6. Stina Samnøy




7. Roger Hoel



8. Britt Mari Gjerde



9. Samson Øpstad



10. Marte Hafstad-Johansen



11. Toralv Huse



12. Bodil Samnøy



13. Øyvind Nordbø



14. Audny Elise Samnøy Stuen



15. Oddvar Storli



16. Laila Osebakken Eikeland



17. Jan Ole Høiby Hansen

Førehandsrøysting på kyrkje-kontoret tysdagar og torsdagar kl.10-14. Vi har ikkje høve til å ta i mot førehandsrøyster på andre tidspunkt.

«Herren vår Gud vil vi tena og hans ord vil vi lyda».

Jos 24,24

FUSA PRESTEGJELD

Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Tlf. 56 58 01 81 - Fax 56 58 15 82
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
E-post: fusasokn@fusa.kommune.no

Direktenr.

Kyrkjeverje	56 58 01 80
Sokneprest	56 58 01 83
Kyrkjelydspedagog	56 58 01 66
Konsulent:	56 58 01 81
Medarbeidarkoordinator:	56 58 01 87

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

PRIVATE TELEFONAR

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Ass. kyrkjeverje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

Trusoppplæring

Stefan Andre H. Svendsen 98 42 11 17

Petra Dahlström Permisjon

Norunn Rød Markhus Permisjon

Konsulent

Endre Tveit 90 24 41 52

Hans Einar Markhus Permisjon

Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 56 58 31 96

Kantor

Iman de Zwarte 56 58 39 48

Soknerådsleiar

Roald Samnøy 41 33 36 25

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 56 58 39 48

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 56 58 39 48

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDEVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 56 58 15 89

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg redaktør:

Leiar i Fusa sokneråd Roald Samnøy.

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

Bladpengar er kr. 225,- pr. år

Utanbygds kr. 325,- pr. år

REDAKSJONSNEMND:

Harald Geir Sæther

Ole Bjørn Eikeland

Vakre salmar!

Denne gongen presenterer vi nokre salmar som vi veit har betydd, og betyr, masse for enkeltmenneske. Der er mange salmeskattar! Vi har kanskje høyrd salma før, men har ikkje tenkt meir enn på første og kanskje andre linja. Her har du muligheten til å sjå litt av Guds omsorg for oss menneske.

Fylt av glede

*Fylt av glede over livets under,
med et nyfødt barn i våre hender,
/:kommer vi til deg som gav oss livet.:/*

*Fylt av beven foran ukjent fremtid
legger vi vårt barn i dine hender.
/:Det som skjer i dåpen, gir oss trygghet.:/*

*Fylt av undring er vi i din nærhet!
Du som bærer verdensrommets dybder,
/:venter på de små og tar imot oss.:/*

*Ved ditt verk, ved Kjærlighetens vilje,
er vi født på ny til liv i Kristus,
/:til et åpent liv i tro og tillit.:/*



*Og ved tidens grense lever fortsatt
dine løftes-ord ved døpefonten,
/:dåpens lys forblir når livet slukner.:/*

*Større rikdom enn hva ord kan romme,
har du gitt oss gjennom dåpens gave.
/:Herre, la vår tro bli fylt av glede!:/*

Milde Jesus

*Milde Jesus, dine hender
la du kjærleg på dei små,
og du sa til dine venner
at til deg skal borna gå.
Sjølv du vart til Herrens tempel
ein gong boren av di mor.
Lat meg minnast ditt eksempel
når eg høyrer dine ord.*

*Du til dåpen lèt meg kalla
då eg var ein liten knopp.
Skal eg visna, skal eg falla?
Hjelp meg du å veksa opp!
Hjelp meg tidleg rett å læra
og å elska dine ord,
Så blant dine eg kan vera
når dei samlast ved ditt bord!*

*Når eg så skal ut i verda,
aldri eg åleine er.
Møter freistingar på ferda,
følgjer du meg kvar eg fer.
Trygt skal dine hender bera
meg og sysken, far og mor.
Lat oss evig saman vera,
vi som var det her på jord!*



Tett ved sida mi går Jesus (Salma startar med omkvedet)

*Tett ved sida mi går Jesus,
alltid vil han vera der.
Eg treng ikkje gå og ottast
når eg fylgjer Jesus her.*

*Han på vegen vil meg vakta
så eg ikkje går meg vill.
Å, kor godt det er for barnet
å få høyra Jesus til.
Omkvede*

*Han som er den gode hyrding,
tek mi vesle, veike hand.
Dag for dag han trufast leier
Meg til himlens land.
Omkvede*

*Tett ved sida mi går Jesus,
Å, kor eg er sæl og fri
som kan jubla ut i lovsong:
Eg er hans til evig tid!
Omkvede*



Vil du vere med og støtte barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden?

Endringar i barne- og ungdomsarbeidet

Vi får store endringar når det gjeld medarbeidarar i kyrkjelyden, og som skal arbeide med barn og ungdom i haust.

Stefan Andre Høysæter Svendsen, eller kortversjonen 😊: Stefan, er tilsett som leiar for alt trusopplæringsarbeid i kyrkjelyden vår. Han er i eit vikariat på to år, i den perioden Norunn har permisjon. Han skal arbeide i Fusa i 100% stilling. Petra har framleis permisjon, og ho startar att 1. februar 2020 i 80%.

Vi bruker masse ressursar på barne- og ungdomsarbeidet vårt, for å kunne gje dei opplæring i den kristne trua. Mykje av arbeidet er todelt. Vi har eit program som dei ulike aldersstega får tilbod om; t.d. Musikk frå livets begynnelse, Bibel til 4-åringane, gåve til 5-åringane osv. Så ønskjer vi å støtte opp om anna kristent korarbeid og fritidsaktivitetar for born og unge, og dessutan gje ungdom som ønskjer det eit fordjupningstilbod i kristen tru.

Fusa sokneråd mottok ein del støtte frå Kyrkjerådet, men gaver – små og store – er heilt nødvendig – om vi skal kunne halde fram med eit godt opplegg for born og ungdom i Fusa.

Vil du vere med å støtte barne- og ungdomsarbeidet?

Viss du ønskjer å støtte dette arbeidet, kan det gjerast på fleire måtar:

- Vi treng medhjelparar i barne- og ungdomsarbeidet – ta kontakt med kyrkjekontoret om du har høve til å vere med - og seie kanskje kva oppgaver du kan tenkje deg å vere med på – tlf. 56580181.

- Du kan støtte arbeidet økonomisk med å bruke giroen i dette nummeret av kyrkjebladet. Gåver på kr.500,- og meir gjev rett til skattefrådrag.

- Fast gjevarteneste. Her kan du om du ønskjer det leggje inn eit fast trekk månadleg frå din konto, kvartalsvis eller på anna måte som du ønskjer. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du kan tenkje deg å vere med på ei fast gjevarteneste, og du får meir informasjon. Årlege gåver på kr. 500,- og meir gir også her rett til skattefrådrag.



Fjord'n barnekor frå ein musical våren 2019.

Kva skjer i haust?

Når kyrkjebladet går i trykken, har vi ikkje oversikt over alt som vil skje av arbeid i haust. Du kan lese meir på side 17 for å sjå noko av det som er fastsett. Vi kjem med meir informasjon i seinare nummer av kyrkjebladet.

Harald Geir Sæther
kyrkjeverje



«Jeg vet ikke om noe annet kurs som er så godt laget for å introdusere kjerneverdiene i den kristne tro på en så lettfattelig måte og så relevant i dag» - David Suchet, skuespiller (Hercule Poirot)

NYTT ALPHA-KURS – BLI MED!

Det er allereie kome påmeldingar til kurset i haust, men framleis er der plass til fleire.

ER ALPHA NOKO FOR DEG?

Bokstaven A i Alpha står for ALLE! Det seier mykje om dette kurset - for det er eit kurs! Det er eit kurs og

ikkje eit bedehusmøte eller ei gudsteneste!

Kort om kveldane:

Alpha-middag onsdag 11. september kl.19.00. Her kan du bli med for å få meir oversikt om opplegget og kva dei komande kveldane vil innehalde. Første kurskveld er 25. september.

Vi oppmuntrar deg som ikkje har gått på Alphakurs før, men også du som har gått på kurset tidlegare, om å bli med når vi startar opp i september. Dette kurset er ikkje eit særnorsk «fenomen», men det vert gjennomført i 170 land og i alle typar kyrkjer. Det handlar om å få meir kunnskap og kjennskap til vår kristne tru.

Alpha

PÅMELDING til Fusa kyrkjekontor så snart som mogleg, tlf.56580181 eller på e-post til fusasokn@fusa.kommune.no

Sørvis frå Sørreisa

Frå Sørreisa via Stavanger til Samnanger. Og Fusa!

Tekst: og foto: Ole Bjørn Eikeland

På kyrkjekontoret treff vi ein ny mann, *Stefan Andre Høysæter Svendsen*, her i Fusa med nordnorsk dialekt! Vi har ikkje så mange av dei.



Skal vi kalle deg Stefan eller Stefan Andre? Du kan seie Stefan, det er mest vanleg.

Eg er 33 år gamal, og traff kona mi frå Samnanger i Stavanger. Det er grunnen til at eg er her.

Kona heiter Lillian og er frå Høysæter, der vi no bur, vi har to barn på 3 år og 1 år, Levi og Theo. Høysæter er ei skjult pærle, der er det kjempefint, syns eg. Der er også mange hyttefolk, og fine fjellområde.

I mitt liv har eg vore matematikklærer og industrimaler, retta mot offshore. Industrimaler, det betyr overflatebehandling, eg er sertifisert som malingsinspektør.

Det er eit stort sprang frå malingsinspektør til leiar for trusopplæring!

No er du ny trusopplæringsleiar? Forklar!

Eg er ikkje vaksen opp i kristent heim, men så traff eg kona mi, som er prestedatter, så gjennom mange gode kristne relasjonar og opplevingar med Gud så vart eg kristen. I kjølvatnet av

det at eg slutta i den gamle jobben, hadde eg eit ønske om å jobbe med menneske. Og i den jobben hadde eg opplæringsansvar, og det var det eg likte best. Så begynte det ein prosess for å bli lærer. Relasjonane med elevane syntest eg var veldig kjekt. Ungomar i dag er veldig hyggelege og har ufortent dårleg rykte!

” «Eg er ikkje vaksen opp i eit kristent heim,

Å flytte til Samnanger vart ein ny tanke for berre eit år sidan, men det kjentest som å flytte heim!

Ja, det var veldig behagelig! Me har enno kassar å flytte ut, men har fine dagar og nyt tilværet der oppe.

Når tid skal du begynne ditt arbeid i Fusa kyrkjelyd?

Eg skal begynne første august. I dag (17. juli) er første gang eg i sitt i denne stolen på kontoret.

Kva skal du gjere?

Eg kjenner ikkje alle oppgåver enno, men veit at eg skal drive med konfirmantarbeid, førebuing til dåp, barnekor, familiemix, eit arrangement som heiter “Lys våken” dvs 11 åringer som overnatter i kyrkja. Så mykje veit eg.

Kanskje du har med deg nye idear?

Ja, kanskje idear kan vere quiz-afeten, “mesternes mester” og andre sportsaktivitetar. Heile livet mitt har eg vore med i lagidrett, lagfølese er viktig, dessutan forståelse for å tape og å vinne. Her i Fusa er mykje Krik utsyr! Kanskje vi kan benytte den nye hallen? Dessuten må vi bygge vidare på det vi allerde har, her er masse frivillig arbeid har eg forstått.

Barnekor i gudstenesta syns eg er nydeleg. Og her er ein diakonigjeng som eg har lyst å bli kjent med. Eg har 100 % stilling, så det blir masse ulike aktivitetar.

Kanskje du har erfaring frå speider?

Nei, ikkje eigen erfaring, men her må me bruke naturen, det er stort potensiale i fjelltoppane.

Har du forventningar? Kva ser du mest fram til?

Det må vere konfirmasjonsarbeidet. Å gi ungdomnar fellesskap med og opplevelse av Gud. På første samlinga i mai traff eg heile gjengen. Og vidare tenkjer eg det må bli samlingar og aktivitetar og turar.

Du skal bu i Samnanger – får vi sjå deg og evt familien din i kyrkjelyden utanom arbeidstid?

Vi må kanskje lande litt der vi er, så det blir nok litt her og litt i Samnanger. Det er viktig at vi er ein del av menigheta her i Fusa.

Fritidsinteresser?

Eg er veldig glad i å fiske, og dessutan alle sportslige aktivitetar, særleg jogging. I år var eg faktisk med på Bergen maraton, mitt første maraton. Så har eg hørt om Stoltzen i Bergen i september, er påmeldt der saman med 18 andre i menigheten. Det gleder eg meg veldig til, forstår at det er ein sosial happening.

” «....., det er stort potensiale i fjelltoppane.»





Stefan sit for fyrste gong i stolen på kontoret.

Obligatorisk spørsmål, har du Bibelters og salme som du er glad i?

Stefan svarer kontant på det: Eit som eg har brukt veldig myke, fordi eg har ofte uroa meg over ting eg ikkje har makt over. Det er Matt. 6.34. "Vær derfor ikke bekymret for morgendagen, for morgendagen skal bekymre seg for seg selv, Hver dag har nok med sin egen plage". Om dette tenker eg: Eg gjer så godt som eg kan i dag, utover det kan eg ikkje gjere noko.

Favoritt salme må vere " Navnet Jesus blekner aldri." Den er fin!

Til slutt må du gjerne skrive at eg må ha tid til å kome inn i arbeidoppgåvene. Eg er sikker på at eg får god hjelp, fordi eg har fått godt inntrykk av heile gjengen. Det blir sikkert fint å jobbe her!

Vi vil ønske Stefan hjarteleg lukke til i den viktige og spennande tenesta han har fått i Fusa. Sørvis er det nye ordet for tenesta, visstnok!

*Navnet Jesus blekner aldri, tæres ei av tidens tann.
Navnet Jesus det er evig, intet det utslette kan.
Det har bud til unge, gamle, skyter stadig friske skudd.
Det har evnen til å samle alle sjeler inn til Gud.*

*Navnet Jesus MÅ jeg elske, det har satt min sjel i brann.
Ved det navnet fant jeg frelse, intet annet frelse kan.*

*Jesu navn, hvor skjønt det klinger, la det runge over jord!
Intet annet verden bringer håp og trøst som dette ord.
For det navn må hatet vike, for det navn må ondskap fly.
Ved det navn skal rettferds rike skyte friske skudd på ny.*

Navnet Jesus må jeg elske.....

*Midt i nattens mørke blinker som et fyrlys Jesu navn,
og hver hjelpløs seiler vinker inn til frelsens trygge havn.
Og når solen mer ei skinner, Jesu-navn, det lyser enn.
Da den frelste skare synger høyt dets pris i himmelen.*

Navnet Jesus må jeg elske,.....



Delta ved Kyrkjevalet 2019

Kven kan røyste ved kyrkjevalet?

Alle som er medlemmer av Den norske kyrkja og som fyller 15 år i år kan røyste. I manntalet står det registrert to fleire røysteføre ved dette valet enn for fire år sidan. Etter ein del år med nedgang av røysteføre har det vore stabilt dei siste fire åra.

Kyrkjevalet handlar om to val!

Det er høve til å røyste både til soknerådsvalet og bispedømerådsvalet. Du avgjer om du vil røyste ved det eine eller ved begge vala! Soknerådsvalet er nok det mest kjende, i alle fall mest lokalt! Erfaringane viser at det ofte er veldig jamt mellom kandidatane, og di røyst kan difor vere avgjerande for kven som vert vald inn i Fusa sokneråd.

Bispedømerådet tek stilling til meir sentralkyrkjelege spørsmål, men desse avgjerdene får også ofte innverknad på det lokale arbeidet. Du kan lese meir om bispedømerådsvalet på side 13-16.

Vil du førehandsrøyste?

Alle som ønskjer det er velkomne til å førehandsrøyste tysdagar og torsdagar i tida kl. 10.00-14.00 t.o.m. torsdag 5. september. **MERK AT VI KAN TA I MOT FØREHANDSRØYSTER BERRE DESSE TO DAGANE I VEKA!**



Velkomen til å førehandsrøyste tysdagar og torsdagar kl. 10-14. Vi er klare til å ta i mot deg!



**HERBALIFE
ERNÆRING**

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspfleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!

Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

www.signeg.goherbalife.com/nn-no

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no




Sentralgodkjent rørleggerfirma

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER



📞 951 56 327 storum@fusi.no

GRAVMINNER



**Løvaas
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man - fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no

BUNNPRIS

Eikelandssosen

Man - fredag **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no

Malerfirma

Kenneth Samnøen

5640 Eikelandssosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering



Tlf. 90 80 15 38



VALLOKALA

MÅNDAG 9. SEPTEMBER

Kyrkjevalet 2019

Nore Fusa oppvekstsenter	kl.13-21
Eikelandsfjorden samfunnshus	kl.09-21
Fusa samfunnshus	kl.13-21
Hålandsdalen Montessoriskule	kl.13-21
Strandvik Montessoriskule	kl.13-21
Søre Fusa oppvekstsenter	kl.13-21

Di røyst kan vere avgjerande for kven som kjem inn i sokneråd og bispedømeråd.

Kyrkjevalet vert gjennomført i same bygg og samstundes med kommune- og fylkestingsvalet, og valperioden er fire år.



Valurnene er klare til bruk! Vi oppmodar alle fusingar som er medlem i Den norske kyrkja om å bruke røysteretten 9. september!

Politikarar busett i Fusa sokn oppmodar

ALLE

**om å delta
ved kyrkjevalet!**

Det er flott å sjå at mange av toppkandidatane som er busett i Fusa sokn skal stille opp og røyste ved kyrkjevalet, og oppmodar deg om å gjere det same. På side 20 i kyrkjebladet kan du sjå fleire sentrale folkevalde busett i Fusa sokn fortelje kvifor dei skal røyste ved kyrkjevalet.

**Kva har
kommunen behov for
at vi som kyrkje stiller
opp med?**



Kyrkjeverje Kristine Fjeld har utfordra politikarane i Bjørnafjorden!

ALLE dei ni toppkandidatane på partilistene tek også utfordringa frå vår kyrkjeverje Kristine Fjeld der ho har spurd: Kva har kommunen behov for at vi som kyrkje stiller opp med? Les meir side 10 og 11.

HUGSELISTE VED SOKNERÅDSVALET:

1. Vallokalet til kyrkjevalet er i same bygning som kommunevalet
2. Ta med valkort eller legitimasjon om valfunksjonæren ikkje kjenner deg
3. Du kan gi tre personar på vallista ei tilleggsrøyst ved å setje kryss i ruta til venstre for namnet.
4. Du kan også skrive namnet på inntil tre andre personar som ikkje står på lista om du ønskjer andre inn i soknerådet den dei som står på lista. Desse skriv du nederst på røystesetelen.
5. Vi oppmodar alle også om å røyste ved bispedømerådsvalet. Sjå eigen informasjon i kyrkjebladet.
6. Hugs at valfunksjonærene er der for å hjelpe deg om du har spørsmål.
7. Lukke til med valet!



Det er sytten flotte kandidatar å velje mellom til soknerådet 2019-2023.

Kyrkjebladet har bede kandidatane prioritere tre oppgåver dei vil arbeide med i komande fireårsperiode, og her er svara:

Kva vil sok dei vert va



1. Roald Samnøy, Skjørnsand

67 år, pensjonist

- Pådrivar for å ha best mogleg standard på kyrkjer og gravplassar
- Salmar
- Innhaldet i gudstenestene



2. Olaug Elise Mjelde, Fusa

59 år, barne- og ungdomsarbeidar

- Søndagsskule
- Trusopplæring for dei minste borna
- Innhald i gudstenestene



3. Sigbjørn Sundfjord, Sundfjord

53 år, konstruktør

- Ungdom og konfirmantarbeid
- Gudstenester og innhaldet i desse. Har snakka om det i soknerådet nokre gonger. Dette å ha kjente og kjære songar som folk lettare kan vera med å delta i.
- Opptatt av å ha kyrkjer og gravplassar i god stand.



4. Toril Hjartåker Hauge, Nordtveitgrend

49 år, lektor

- Best mogleg standard på kyrkjer og gravplassar
- Etiopiaprojekt: elevstipend og brannskadde born
- Kyrkjebladet



5. Lars Erik Dalland, Baldersheim

66 år, pensjonist

- Eldre - meir satsing på dei.
- Pådrivar for å ha mogeleg standard på kyrkjer og gravplassar. Frivilligheit og økonomi - det kommunale ansvaret.
- Jobba med strategi for at me skal kunna behalde alle kyrkjer og kapell - også i framtida.



6. Stina Samnøy Skare, Vinnes

34 år, sjukepleiar



7. Roger Hoel, Vinnes

53 år, offiser

- Pådrivar for god standard på kirkene våre
- Ungdom/konfirmanter
- Kirkens Nødhjelp/Nødhjelpsarbeid



8. Britt Mari Gjerde, Eikelandssosen

47 år, rektor

- Born
- Ungdom/Konfirmanter
- Misjon



9. Samson L Øpstad, Fusa

66 år, forskar

- Salmar
- Kyrkjeblad
- Kulturarrangement



10. Marte Hafstad-Johansen, Sævareid

41 år, lærar

- Barn
- Ungdom/konfirmanter
- frivillig arbeid



nerådskandidatane prioritere om Ide inn i soknerådet 2019-2023?



11. Toralv Huse, Baldersheim

70 år, bonde

- Pådrivar for best mogleg standard på kyrkjer og gravplassar
- Frivillige medarbeidarar – meir satsing på oppfølging og rekruttering
- Dugnadsarbeid



12. Bodil Samnøy, Hålandsdalen

53 år, sjukepleiar

- Alpha
- Diakoni
- Ungdom



13. Øyvind Nordbø, Baldersheim

60 år, industriarbeidar

- Frivillige medarbeidarar. Meir satsing på rekruttering og oppfølging.
- Ungdom / Konfirmanter.
- Pådrivar for å ha best mogleg standard på kyrkjer og gravplassar.



14. Audny Elise Samnøy Stuen, Skjørnsand

55 år, overingeniør

- Dåpsopplæring
- Lovsong
- Frivillige medarbeidarar.



15. Oddvar Storli, Skjørnsand

68 år, bonde

- Diakoni lokalt, samhandling mellom unge og eldre
- Frivillig medarbeidarskap, meir satsing på rekruttering og oppfølging
- Eldre må få gode kyrkjelege tenester, t.d transport til kyrkje



16. Laila Osebakken Eikeland, Eike-landsosen

80 år, pensjonist

- Diakoni lokalt
- Meir satsing på eldre
- Frivillige medarbeidarar – rekruttering og auka satsing



17. Jan Ole Høiby Hansen, Fusa

51 år, industriarbeidar

- arbeid med ungdom og konfirmanter
- besøkstjeneste og diakonalt arbeid
- påvirka innhald i gudstjenesten

**Vi ynskjer deg
eit godt val.**



Kyrkjevalet 2019



Alle listetoppene i Bjørnafjorden kommune har tatt kyrkjeverje Kristine Fjeld si utfordring på alvor og svara på fylgjande spørsmål:

«Kva har kommunen behov for at vi som kyrkje stiller opp med?»

I eit intervju med Kristine Fjeld i vår stilte ho spørsmålet: «Kva har kommunen behov for at vi som kyrkje stiller opp med?»

Dette spørsmålet har vi stilt listetoppene på vallistene til kommunestyret i Bjørnefjorden kommune. Her kan du lese kva dei seier om kva behov dei ser føre seg at vi som kyrkje stiller opp med i åra som kjem.



Harald Lekven, Senterpartiet

I tillegg til å vera eit trussamfunn ynskjer eg at kyrkja skal vera ein aktiv samfunnsaktør med særleg fokus på ansvar for skaparverket, forsoningsarbeid, fattigdomsbekjempelse og vern om menneskeverdet.

Kyrkja skal soleis driva med diakoni og ha ei viktig rolle i beredskapsarbeidet ved kriser og ulykker.

I dagens «skog» av trussamfunn er det viktigare enn nokon gong at den norske kyrkja held fram med å vera den viktige kulturbæraren dei har vore i generasjonar.



Trine Lindborg, Arbeidarpartiet

Vi i Bjørnafjorden Ap har ein eigen post i valgprogrammet vårt om kyrkja. Ap ønskjer at kyrkja skal vera ei kyrkje for alle! Kyrkja må fortsetja sitt gode arbeid som kulturformidlar, tradisjonsberar og brubyggjar mellom trussanfunn. Kyrkja i Bjørnafjorden skal utføra vigsel av likekjønna slik Kirkemøtet har vedteke. Samfunnet er avhengig av frivillighet og nestekjærighet for å hindra utanforskap og einsemd. Dette gjeld for både unge, vaksne og ikkje minst eldre. Vi håpar kyrkja kan fortsetja sitt gode arbeid for born og unge, og at tiltak som språkkafé og open barnehage kan halda fram i den nye kommunen vår. Ellers ser vi med glede på det flotte dugnadsarbeidet som blir gjort på kyrkjegardane i Fusa, kanskje det kan bli ein tradisjon på Os-sida også?



Nils-Anders Nøttseter, Miljøpartiet Dei Grøne

Fusa og Os er grøne kyrkjelydar, og vi håper engasjementet vert styrka framover. Det har stor effekt når kyrkja tek eit tydeleg standpunkt i klimasaka.

MDG ønsker ei open, tolerant og mangfaldig kyrkje der alle menneske har same verdi og same rettar. Godt samarbeid med frivillige organisasjonar er ein føresetnad for at kyrkja vert opplevd som inkluderande. Kyrkja gjer eit viktig arbeid mellom anna med språkkafé og kunstaktivitetar for born som vi håper de held fram med.

Kristina Alexa Bøyum Budal, Raudt

Raudt meiner at det offentlege Noreg skal vere tros- og livssynsnøytralt, men dette betyr ikkje at institusjonar som kyrkja ikkje har noko formål. Kyrkja er eit viktig samlepunkt for mange og fungerer som eit fellesskap for folk frå alle bakgrunnar i Bjørnafjorden, både dei som er født i Noreg og dei som kjem til dette landet og treng eit fellesskap. Raudt ønskjer at kyrkja skal fortsette sitt gode arbeid som samlepunkt for alle som treng det."



Jakob Enerhaug, Kristeleg Folkeparti

Kyrkja og den kristne trua er viktig for kommune og for samfunnsutvikling. Bjørnafjorden KrF ønskjer at dei kristne verdiane skal prege kommunen vår. KrF ønskjer difor ei sjølvstendig og frimodig kyrkje som formidlar kristen tru og kristne verdiar til menneska i dag.

KrF ønskjer ei kyrkje som kan ta vare på folk i alle livssituasjonar menneske møter i livet. Det tilbodet som kyrkja kan tilby, særleg retta mot barn, ungdom og småbarnsfamiliar, er særst verdifullt for kommunen vår. Det same gjeld tilbod retta mot innvandrarak og flyktningar.



Terje Søviknes, Fremskrittspartiet

«FrP er et liberalistisk folkeparti. Det bygger på Norges grunnlov, norsk og vestlig tradisjon og kulturarv, med basis i det kristne livssynet og humanistiske verdier.» Dette er sitat frå FrPs prinsippprogram. For FrP har kristendommen og kyrkja ein sentral plass i samfunnet, både som trussamfunn og som kultur- og tradisjonsberar. Kyrkja er ein viktig arena for fellesskap, tru og friviljug arbeid, og tenar som ein viktig møteplass for innbyggjarane. FrP ynskjer ei open folkekyrkje i Bjørnafjorden, - ei kyrkje som er til stades for innbyggjarane i alle livsfasar.



Asle Olsen, Sosialistisk Venstreparti

Bjørnafjorden kommune har behov for eit velfungerande samarbeid med kyrkja, for kyrkja spelar ei viktig rolle i livet til mange bjørnafjordingar. Trua er viktig for mange, både som noko i bakgrunnen gjennom livet og som ei trygg hamn i vanskelege periodar. Uavhengig av tru ser mange òg på kyrkja som ein viktig institusjon ved spesielle høve i livet som for eksempel dåp, konfirmasjon eller bryllaup.

Sjølve kyrkjebygget er òg eit viktig, symboltungt bygg. Bjørnafjordingar treng dette tradisjonsrike samlingspunktet både ved festlege høve og som arena for begravning, konsert eller dei viktige gudstenestene til påske og jul.



Marie Bruarøy, Høgre

Kyrkja sitt arbeid for born og unge er særst viktig for kommunen. Det frivillige arbeidet som vert lagt ned her og spennet i aktivitetar kyrkja tilbyr dei unge, er flotte supplement til anna aktivitet. Elles er det diakonale arbeidet og spesielt det som vert retta mot flyktningar og andre som skal integrerast i samfunnet vårt, viktig for kommunen. Høgre ynskjer å vidareutvikla samarbeidet med kyrkja, til det beste for innbyggjarane våre.

Marie Bruarøy



Gustav Folkestad, Venstre

Kommunen har behov for:

- at Den norske kirke forblir en folkekirke der alle kan føle seg velkommen, både faste kirkegjengere og dem som helst går dit i spesielle anledninger,
- at kirken holder øye med hva som trengs av vedlikehold og investeringer på kirkebygg og gravplasser, og at den bruker offentlig tildelte midler på best mulig måte,
- at kirken er med i arbeidet for en grønnere fremtid.





FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

Tlf. 56 58 14 06
Fax 56 58 39 99
Mobil 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar

Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimelektro.no
www.solheimelektro.no

REISENE BESTILLER VI HOS:

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os
Tlf.: 56 30 43 00
e-post: os@travelnet.no
www.verden.no

Følg oss på Facebook



Tønnegarden

Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord
Tlf. 91 99 30 40

post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

- Tønneproduksjon før og no.
- Selskapslokale, kurs og møtelokale.
- Servering av tradisjonsmat. Steinomnsbakst.
- Catering -middag, holdtbord, snittar mm. Kaker og lefser.

Følg oss på facebook og instagram.



SPAR

Eikelandsosen

Opningstid 8-21

Laurdagar 9-20

Tlf. 56 58 00 90

ELEKTRO OG RØYRLEGGJARBEDRIFT/BUTIKK



HELLAND

ELEKTRO & VVS AS
5640 EIKELANDSOSSEN

TLF. 56 58 06 20 - FAX 56 58 06 29
Mobil Ingemar: 976 67 843

Me hjelper deg med vann-, lys- og varmeinstallasjoner når du skal byggja nytt eller rehabilitera.



5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no
www.leiglandbygg.no

Står til teneste med alt i samband med dødsfall, gravferd og minnesamver. Blomsterservice, sal og service av gravminne.

Fusa og Samnanger Gravferdsbyrå a.s

Boks 100, 5640 Eikelandsosen
Liv Mette Hagen priv. 56 58 12 72
Døgnvakt: 56 58 15 09

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør



5640 EIKELANDSOSSEN
Tlf. 56 58 00 20



avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med forsikring, lån, sparing og plassering.

VI ER HER
www.spv.no



Norheimsund

TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund

Tlf. 97 59 24 88

E-post: post@nhstrykk.no

Alt i trykksaker






DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja treng gode leiarar – kven vil du gje di stemme?

Du er med på å bestemme kven som skal sitje i Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «storting» i perioden 2019 – 2023.



På dei neste sidene vil du få ein kort presentasjon av alle kandidatane som stiller til val. Meir utdjupande informasjon finn du på kyrkja.no/bjorgvin eller kyrkjevalet.no. Informasjon om kva kandidatane og listene står for og meiner om ulike saker, presenterer dei sjølve på eigne nettsider.

Kyrkjevalet
8.-9. sep. 2019

I Bjørgvin bispedøme er det tre lister ved bispedømerådsvalet: Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Open Folkekyrkje. Listene er presentert alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølge.

Bønnelista

Bønnelista vil føre vidare dei bibelske verdiane som Den norske kyrkja vart tufta på som følgje av den Lutherske reformasjonen.


Kyrkja må leiast av Guds Ord og Ande, og alle vedtak samsvare med Bibelen. Vi ønskjer optimalt sjølvstyre lokalt, der råd og medlemmer får bibelforankra trusopplæring og kurs i kyrkjelydsutvikling, i å leve som Jesu etterfølgjarar og spreie evangeliet.

Kyrkja skal oppmuntre alle i kyrkjelysten til å tene Herren etter den einskilde sine gåver og føresetnader. Vi ønskjer ei fornya kyrkje av lemer som har Jesus som Herre, og som søker Gud og Hans vilje gjennom bøn og tilbeding.

Sjå kandidatane på www.bonnelista.no



Stein Oltedal
f. 1952, pensjonert prest, Naustdal.



Solaug Anita Apelthun Sæle
f. 1951, økonomisjef, Fjell.



John Eivind Warvik
f. 1994, pioner/tømrar, Ortnevik.



Anne Kristine Torvik Christiansen
f. 1954, vernepleiar, Fjell.



Øyvind Skartveit
f. 1992, student, Tysnes.



Magdalena Steinhovden
f. 1947, pensjonert sjukepleiar, Naustdal.



Stig Bruun
f. 1968, økonom, Rådal.



Jan Frank Leirkar Christiansen
f. 1952, pensjonert vernepleiar, Fjell.



Anna Helena Bruun
f. 1974, rekneskapsfører, Rådal.



Andreas Skjelde
f. 1993, student, Slettebakken.

Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019

Nominasjonskomiteens liste

Det er ein nominasjonskomité som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med eit medlem frå kvart prosti.

Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømet og forslag frå medlemene i nominasjonskomiteen. Det er vidare lagt vekt på at ein skal representere ei breidde i kva kandidatane meiner i aktuelle kyrkjelege spørsmål.

Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil vi arbeide til det beste for den lokale kyrkja.

Den enkelte kandidat presenterer seg sjølv på nominasjonslisten.no



Vemund Atle Øiestad
f. 1948, pensjonist, Nordsida, Nordfjord.



Turid Fjose
f. 1969, overlege, Voss.



Per Hilleren
f. 1959, bonde, Stedje.



Mali Smemo Hjemdal
f. 1973, rådgjevar, Etne.



5 Gerhard August Hansen
f. 1951, pensjonist, Os.



6 Daniel Kydland
f. 1997, student, Knarvik.



7 Madli Kvamme Hannisdal
f. 1950, pensjonist, Osterøy.



8 Leif Steinar Alfsvåg
f. 1959, fagseksjonsleiar, Stord.



9 Harald Berge Breistein
f. 1956, dagleg leiar, Åsane.



10 Arve Kjell Uthaug
f. 1967, administrasjonssjef, Frekhaug.



11 Kristian Slettebø
f. 1989, revisor, Bergen.



12 Liv Oddlaug Skaaheim
f. 1948, pensjonist, Førde.



13 Ingrid Grimstad
f. 2000, student, Stord.

Open folkekyrkje

Vi som står på lista til Open folkekyrkje vil at Den norske kyrkja skal utviklast vidare som ei open og demokratisk kyrkje som frimodig forkynner det glade evangeliet om Jesus.

Vidare vil vi arbeide for ei kyrkje som er open for alle, som fremjar menneskeverdet og som motarbeider diskriminering.

Sjå elles www.apenfolkekirke.org for fullstendig valgprogram.



1 Karl Johan Kirkebø
f. 1950, pensjonist, Bergen.



2 Nora Sætre Baartvedt
f. 1994, teologi-student, Voss.



3 Runar Larsen
f. 1997, student, Sveio.



4 Line Berggreen Jacobsen
f. 1986, rådgjevar, Bergen.



5 Oddny Irene Miljeteig
f. 1954, komitéleiar, Bergen.



6 Eiel Holten
f. 1968, seniorrådgjevar, Bergen.



7 Åse Kongsvik
f. 1962, rettleiar, Leikanger.



8 Erik Torp Nilssen
f. 1947, pensjonist, Førde.



8 Torill Jørgensen Frøise
f. 1972, gruppe-sekretær, Askøy.



9 Håkon Glatved-Prahl
f. 1956, journalist, Alversund.



10 Marit Melvær Berge
f. 1952, pensjonist, Florø.



11 Christian Emil Hagen
f. 1990, student, Bergen.



12 Therese Nesse Mokkelbost
f. 1973, administrasjons-konsulent, Bergen.



13 Ann Elisabeth Tveit
f. 1972, lærar, Bergen.

Godt å vite om valet

Kven kan stemme?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i Den norske kyrkja. Nesten 3,1 millionar menneske har stemmerett ved Kyrkjevalet i 2019.

Når og kvar er det val?

Kyrkjevalet blir halde 8. og 9. september 2019, samtidig med kommunestyre-/ fylkestingsvalet. Kyrkjevalet finn stad i eit lokale nær det offentlege valet. Du kan også stemme på førehand frå 10. august. Alle med stemmerett får i august eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan stemme.

Kven kan du stemme på?

Du stemmer på kandidatar til soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet. Kandidatane blir valde for ein periode på fire år. Ved val til sokneråd er det dei fleste stader berre ei valliste. I valet til nytt bispedømeråd er det i Bjørgvin bispedøme tre lister å velje mellom.

Kva gjer kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet er «kyrkja sitt storting», og det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråd samla i ei veke kvart år. Kyrkjemøtet bestemmer ordningar og liturgiar, og i den komande perioden vil det bli viktige saker om kyrkja si organisering.

Kva gjer bispedømerådet?

Bispedømerådet er det regionale styringsorganet i kyrkja. Rådet tilset prestar og er arbeidsgjevar for desse og enkelte andre. Det arbeider for samordning av det kyrkjelege arbeidet i dei mange kyrkjelydane i bispedømet. Medlemene i bispedømeråda utgjer samla Kyrkjemøtet.

Kva gjer soknerådet?

Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørgje for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Sjå kven som stiller til val i kyrkjelyden og bispedømet på www.kyrkjevalet.no

Slik går du fram når du skal stemme

Kyrkjevalet er to val: val til sokneråd og val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

I alle vallokala skal det vere ein stad der du i einerom og usett kan velje dei stemmesetlane du vil ha, og gjere endringar. Dette kan til dømes vere eit valavlukke eller eit eige rom.

I avlukket

- 1 Vel stemmesetlane du vil bruke, éin per val. Du kan stemme ved eitt val eller begge vala.
- 2 Gjer eventuelle endringar på stemmesetlane
- 3 Brett stemmesetlane så ingen kan sjå kva du har stemt.

Hos valfunksjonæren

- 4 Du må vise legitimasjon. Valfunksjonæren kryssar deg av i manntalet og stemplar stemmesetlane.
NB! Stemmesetlane må ha stempel for å bli godkjende.
- 5 Legg stemmesetlane i valurna.

Ungdomsgudstenester i haust i Eikelandssosen bedehus



Ungdomsgudsteneste januar 2019.

Sundag 8. september kl.15.00
kombinert med Familiemix
Sundag 29. september kl.19.00
Sundag 27. oktober kl.19.00
Sundag 17. november kl.19.00

Utsendingsgudsteneste i Hålandsdalen 2. juni 2019



Det var ei flott gudsteneste i Hålandsdalen kyrkje 2. juni då ein markerte at Brynhild, Eirik, Hallvard, Ingebjørg, Oline, Norunn og Hans Einar Markus skal reise ut for NLM til Kenya i ein toårsperiode og Rebekka Aarseth skal reise ut for NLM til Mongolia for ein eitårsperiode. Etter gudstenesta var ein samla nede på Klyngjetunet hos Margunn Eide for kyrkjekaffi. Både i kyrkja og i klyngjetunet var det helsingar frå leiing i kyrkjelyden og i NLM. Vi håpar å få følgje med desse frimodige fusingane i tida som utsendingar.

Familiemix

i haust

i Eikelandssosen bedehus:

Sundag 8. september kl.15.00
Sundag 13.oktober kl.11.00
Sundag 10. november kl.11.00
Sundag 8. desember kl.11.00

HUGS

fotokonkurransen – frist
måndag 30. september!

Temaet i år er «Sommar». Har du teke eit naturbilete frå Fusa?

Viss ikkje, kan det kanskje framleis la seg gjere å ta eit sommarmotiv!

Bileta kan sendast på e-post til fusasokn@fusa.kommune.no. Vinnaren (motivet som vert vald) vil få utbetalt kr. 2.000,-.

Fusa sokneråd



Takk for gåve

I samband med Olaug Bjørndal sin 70-årsdag vart det gitt gåver, til saman kr.10.300,- til hjelp for brannskadde born i Etiopia. Takk til Olaug og til kvar gjevar!

Fusa sokneråd

Sundvor kyrkje er rusta opp



Sundvor kyrkje er på det næraste ferdig mala utvendig. Det står litt arbeid att som må takast etter ferien. Sundvor kyrkje tek seg vakert ut når den no er rusta opp både innvendig og utvendig!



SPAR 

Fusa

Man-fre **8-21**
Lørdag **9-20**

Tlf. **56582133**
spar.fusa@spar.no

Velkommen til hyggelig handel hos Spar Fusa!

ASVO Fusa AS

www.asvofusa.no
post@asvofusa.no
tlf.: 56 58 14 18

5640 EIKELANDSØSEN

Er ei allsidig bedrift som driv med sal og produksjon

- Montering av mekanisk komponentar
- Fyringsbrikettar og opptenningsveg
- Blomekassar, sandkassar og varmpumpehus
- Høvleri
- Listeproduksjon
- Plenslåing

Me har moderne maskiner for å trevareproduksjon og tek gjerne imot oppdrag for Dykk!

Alltid god service og rimelege prisar!



BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLERING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSØSEN

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



Hordaland A/S
Rørteknikk

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget

VVS-VA-HAVBRUK-PRODUKSJON

Holsundveien 285, 5642 Holmefjord

Telefon: 56 58 09 90 - E-post: post@h-rt.no



MALERMESTER

ALF HJELLE & SØNN AS



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

FARGERIKE
HJELLE

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. **56 58 15 25** eller **915 46 880**

E-post: firmapost@alfhjelle.no

VESTLANDSKE LIMTRE
INDUSTRI AS

5642 HOLMEFJORD
Telefon: 56 58 07 00
Telefax: 56 58 07 01

Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre – beslag – takstoler – takverk

post@vlimtre.no

www.vlimtre.no



1970-2015 Tradisjon for kvalitet i 45 år

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



5646 Nordtveitrend • Tlf: 56 58 20 60

E-post: post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no

FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa
Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

M E C A



P. H. Haugen

Landhandel - Sævareid

tlf. 56583110

e-post:

narbutikken.severeid@narbutikken.no

Fusa
Ferdigbetong as

5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10

Mobil 913 65 482 / 951 87 421

E-post: post@fusabetong.no



Gudstenester i Fusa sokn

25.08.2019 - 03.11.2019

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
August				
25.08.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	11. søndag i treeiningstida
25.08.	16:30	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	11. søndag i treeiningstida
September				
01.09.	11:00	Fusa kyrkje	Medarbeidargudsteneste	12. søndag i treeiningstida
08.09.	15:00	Eikelandsosen bedehus	Familiiegudsteneste / Konfirmantgudsteneste	13. søndag i treeiningstida
15.09.	11:00	Fusa kyrkje	Familiiegudsteneste	Vingardssundagen
15.09.	16:30	Sævareid kapell	Familiiegudsteneste	Vingardssundagen
22.09.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Familiiegudsteneste	15. søndag i treeiningstida
29.09.	11:00	Strandvik kyrkje	Familiiegudsteneste	16. søndag i treeiningstida
29.09.	19:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	16. søndag i treeiningstida
Oktober				
06.10.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	17. søndag i treeiningstida
06.10.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	17. søndag i treeiningstida
13.10.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	18. søndag i treeiningstida
20.10.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	19. søndag i treeiningstida
20.10.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	19. søndag i treeiningstida
27.10.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Bots- og bønedaag
27.10.	16:30	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Bots- og bønedaag
27.10.	19:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	Bots- og bønedaag
November				
03.11.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Helgemesse
03.11.	19:00	Fusa kyrkje	Minnegudsteneste	Helgemesse

Frå **KYRKJEBØKENE**



Dåp

Holdhus kyrkje

01.06.2019 Selma Odnas Hansen

Strandvik kyrkje

02.06.2019 Ella Landøy

02.06.2019 Therese Erstad Sletten

Fusa kyrkje

23.06.2019 Isak Abraham-Gjerde

23.06.2019 Emil Eksund Rosvoll



Vigsel

Holdhus kyrkje

01.06.2019 Ola Them-Enger Anfinset og
Heidrun Holdhus

Hålandsdalen kyrkje

08.06.2019 Ole Kristian Tombre og
Karoline Kjellsdotter Søvig



Gravferd

Sævareid kapell

28.05.2019 Hans Øystein Markhus, f. 17.03.1946

09.08.2019 Ingrid Elise Hovden, f. 23.04.1943

Fusa kyrkje

06.06.2019 Aslaug Aadland, f. 19.10.1914

07.08.2019 Trygve Magnar Berge, f. 13.08.1940

Hålandsdalen kyrkje

07.06.2019 Anna Skaar, f. 19.06.1928

06.08.2019 Bjørg Vestbø, f. 11.06.1933

Strandvik kyrkje

28.06.2019 Erling Johannes Håvik, f. 11.07.1925



Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen


Eg skal røyste ved kyrkjevalet fordi.....

Mange kommunepolitikarar i busett i Fusa sokn skal røyste ved kyrkjevalet, og dei oppmodar også alle andre medlemmer i Den norske kyrkja om å bruke røysteretten sin ved soknerådsvalet og bispedømerådsvalet.



Magne Djuvik, 4. plass på Fremskrittspartiet si liste

Eg skal røysta ved kyrkjevalet fordi eg ønskjer å påverka kyrkjevalet. Eg ønskjer å påverka dette fordi kyrkja i Fusa gjer ein viktig og god jobb for samfunnet og eg er oppteken av at det vert vidareført.



Birgitte H O Skibenes, 2. plass Sosialistisk Venstre- parti si liste

Eg skal røyste ved kyrkjevalet fordi eg då har høve til å la mi røyst vere med å påverka kven som skal vere med og forme den norske kyrkja og Fusa sokn i åra som kjem. Dersom demokratiet skal fungera er det viktig at ein nyttar røysteretten sin også ved kyrkjevalet.



Aud May Boge, 2. plass Høgre si liste

Eg skal røysta ved kyrkjevalet fordi eg med mi stemme ønskjer å vera med på å utviklinga kyrkja vår. Dei som vert valt inn i råda har stor innflytelse på arbeidet i kyrkja.

Arbeidet blant born og unge, omsorgsarbeidet, og aktiviteten innanfor musikklivet er noko av det eg er oppteken av.



Line Furubotn Storum, 3. plass på Arbeidarpartiet si liste

Eg skal røyste ved ved kyrkjevalet fordi eg ønskjer ei raus, open og inkluderande kyrkje.

Kyrkja eg vil tilhøyre har ei takhøgde slik at absolutt alle føler seg velkomen.

Kyrkja må gjenspegle samfunnet vårt i 2019, der me feirar alle typar kjærleik, og ønskjer fridom til egne val.

Snakkar me om nestekjærleik må det gjelde alle som ein.

Eg vil gi mi stemme til kandidatane som står for desse verdiane.

Eg oppmodar folk til å bruke røysteretten ved kyrkjevalet.



Gustav Folkestad, 1. plass på Venstre si liste

Jeg skal stemme ved kirkevalget fordi det er viktig å få de rette personene inn i soknerådet. De som viser menneskene rundt seg hvor rikt og godt livet kan være når du i trygge omgivelser kan få være en del at et trossamfunn der du er akseptert som den du er.»



Bjarte Samnøy, 2. plass på Kristeleg Folke- parti si liste

Eg skal røyste ved kyrkjevalet fordi eg meiner kyrkja er viktig for samfunnsutviklinga vår. Det er viktig at vi har ei kyrkje som kan ta vare på folk i alle livssituasjonar mennesker møter i livet. Derfor er det viktig å ha personer som er engasjert i å vera med å utvikla kyrkja med dei oppgåver som samfunnet til ei kvar tid legg på kyrkja.

Representantar frå alle partia har hatt høve til å kome med denne oppmodinga.

**Kyrkjevalet
2019**